



# Ulvar og ugler i mosen

For kort tid sidan hadde eg eit lite innlegg i Hamar Dagblad (13.08.) om den språkhistoriske sammenhengen mellom orda «ulv» og «wolf». Eit anna interessant ord - og dyr - ein kan sjå på, er «ugla».

«Ugle» var «ugla» i gammalnorsk. Så det har ikkje skjedd noko spesielt med ordet i norsk, bortsett frå at a-en har blitt senka til -e. Det har skjedd med dei fleste orda som enda på a i gammalnorsk («hana» > «hane», «maga» > «mage»).

Når vi samanliknar med engelsk og tysk igjen, ser vi straks at vi finn andre bokstavar i dei tilsvarande orda: «owl» og «Eule». Med litt fantasi skjønner vi likevel fort at orda har det same opphavet. Ein w i engelsk kan svare til ein g i norsk i t.d. «own» - «eige», «saw» - «såg», «law» - «lag» (lov). Vi kan til og med ha norske (danske) ord der v og g alternerer, t.d. «torv» vs. «torg», «mave» vs. «mage» og «have» vs. «hage». Og elles såg vi jo at den engelske o-en i «wolf» svara til den norske u-en i «ulv».

Når det gjeld tysk, er det kanskje diftongen (tvilyden) «eu» som verkar forvirrende. Men vi har mange døme på at ein lang vokal i germansk blei til ein diftong i tysk, mens norsk framleis «berre» har den lange vokalen, t.d.

## KOMMENTAR

JENS HAUGAN

Førsteamanuensis i norsk Høgskolen i Hedmark

«Eis» vs. «is», «Haus» vs. «hus» og «deutsch» vs. «tysk». I tysk er det altså v- eller g-lyden som forsvann etter diftongen «eu». Dei gammaltyske formene er då også «uwila» og «ula», mens dei mellomhøgtyske formene var: «iuwel» og «iule». Dvs. ein hadde former med og utan w.

Den tyske ugla blir altså uttalt med ein diftong «eu», og det same gjer faktisk også den engelske. Sjølv om det står ein konsonant (w) i det engelske ordet «owl», er jo uttalen [aul], dvs. med ein diftong eller tvilyd.

Når vi no snakkar om uttalen av «ugle»/«owl»/«Eule», er det slik at ordet var eit såkalla «onomatopoetikum» i dei germanske språka, dvs. eit lyd målende eller lydhermande ord. Sjølv ordforma skulle altså først og fremst etterlikne lyden til ugla. Det var «ulinga» til ugla som var opphavet til namnet på fuglen. Verbet «ule» (og

«hyle») er då også eit lydhermande ord, som ein finn i t.d. latin som «ululare». Det tyske namnet på hubroen er «Uhu», som har samanheng med det same ordet, og som nok passar svært bra når ein tenkjer på lyden.

Når vi no har sett litt på den lydlege utviklinga av ord som «ulv» og «ugle», kan det vere interessant å sjå på eit uttrykk som «ugler i mosen», som gjerne betyr at det er noko mistenkelig ved noko. Dette uttrykket er lånt ifrå dansk og heitte faktisk opphavleg «ulve i mosen» (ulvar i myra). I Falk og Torp si etymologiske ordbok kan ein lese at den danske dialektforma «uller» for «ulve» blei mistolka etter at ulven var uttrydda i Danmark. Sidan det ikkje fanst ulvar i Danmark lenger, var det nærmaste ein kom, «ugler». Og ugla har jo alltid hatt noko mystisk og uhellvarslende over seg. Så denne omtolkinga var i grunnen relativt naturleg og forståeleg. Den same omtolkinga skal ha skjedd med uttrykket «å bli uglesett». Opphavleg skal det ha vore «ulvesett», og viser då ifølgje Falk og Torp til gammal overtru om ulvens vonde auge, jf. engelsk «he has seen a wolf». Her i Noreg har vi framleis både ulvar og ugler i mosen. Men i desse valgtider kan ein jo spørje seg kven som uler mest.

## Hilsen solkongen

Hilde Berit Evensen spør i HD hvor jeg har fått det fra at hun ikke synes noe om at jeg «ordner opp» (Hilde Berits betegnelse) i ting. For å være helt konkret; hennes kommentar i Hamar Dagblad 12. juni: «Folk i foreninger, idrettsliv, kulturliv og næringsliv tror visst at det bare er å ta en telefon til n'Einar, så vil han ordne opp. Det er

ikke bra; det er solkongefremmede og demokratikverkende.» (min understrekning)

Jeg tolket henne også dithen at min solkongefremmede og demokratikverkende opptreden inkluderte min holdning til å utrede ulike kulturaktiviteter i Nestle-kvartalene men der tolket jeg henne feil. Beklager.

Selv om sola akkurat nå skinner og muligens også bidrar til at min lysblonde hårmanke blinker litt ekstra: Følelsen av solkonge greier jeg liksom helt å venne meg til. Men jeg prøver.

EINAR BUSTERUD